



SINTEF Energiforskning AS

Postadresse: 7465 Trondheim
Resepsjon: Sem Sælands vei 11
Telefon: 73 59 72 00
Telefaks: 73 59 72 50

<http://www.energy.sintef.no>

F. nr.: NO 939 350 675

TEKNISK RAPPORT

SAK/OPPGAVE (tittel)

**Energiutnytting i Noreg –
Eksergialyse av det norske samfunnet**

SAKSHANDSAMARAR

Ivar S. Ertesvåg og Michal Mielnik

OPPDRAAGSGJEVAR

Sintef Energiforskning AS

TR NR. A4991	DATO 1999-08-13	OPPDRAAGSGJEVAR REF.	PROSJEKTNR. 18E003
ELEKTRONISK ARKIVKODE J:\DOK\18\ISE\99002982.DOC	PROSJEKTANSVARLEG (NAMN, SIGN.) Ivar S. Ertesvåg	GRADERING Open	
ISBN NR. 82-594-1584-4	RAPPORTTYPE	FORSKNINGSSJEF (NAMN, SIGN.) Bjørn F. Magnussen	OPPLAG SIDER 78
AVDELING Varme- og strømningslære	BESØKSADRESSE Kolbjørn Hejes vei 1B	LOKAL TELEFAKS 73 59 35 80	

RESULTAT (samandrag)

Energibruken i det norske samfunnet er undersøkt ved ein eksergialyse. Analysen tek med alle resursar som går inn i samfunnet: energiberarar, malm og mineral, avling i jord- og skogbruk, fiske og fangst. Alt som går ut til forbruk og eksport vert også tilordna ein eksergi-verdi. Det gjeld varer som mat, metall, kjemiske produkt, og tenester som romvarme og transport. Analysen peikar ut dei områda der potensialet for dei største forbetringane ligg, og kor store dei er.

I analysen har vi halde utaskjers olje- og gassaktivitet og -eksport utanfor. Analysen gjeld resten av samfunnet. For analyse-året 1995 gjekk det til saman 1184 PJ eksergi inn i det norske samfunnet (PJ = petajoule = 10^{15} J = 3,6 TWh). Frå alt dette var det att 282 PJ i dei varer og tenester som vart produserte. Dette gjev ein utnyttingsgrad på 24 %.

Ulike energiformer har ulik kvalitet. Effektiv utnytting krev at energi vert nytta med den kvaliteten føremålet krev. I ein eksergialyse ser vi både på varneverdien som i ein vanleg energialyse, og på *arbeidsverdien* (eksergien). Eksergien er lik det maksimale mekaniske arbeidet ei energimengd kan utføre. For eit materiale er eksergien det teoretisk minste arbeidet som må til for å føre det til ein viss tilstand, til dømes rein aluminium frå malm eller magnesium frå sjøvatn.

Samfunnsområde som særleg peikar seg ut med svak energiutnytting, er romvarme, lys og utstyr m.m., næringsmiddel og transport. Alle desse har utnyttingsgrad under 20 % og utgjør kvar for seg ein stor del av energibruken. Treforedling, metallindustrien, mekanisk og kjemisk industri kjem ut med eksergiutnytting på 30-60%. Dette kjem først og fremst av at produkta (papir, aluminium, kjemiske produkt, osv.) inneheld mykje eksergi.

I rapporten er det er gjort greie for bakgrunn og metode, og detaljanslysar for kvar av sektorane. Vidare er resultatata drøfta og samanlikna med tilsvarande analysar for andre land.

STIKKORD

EIGENVALDE	Eksergi	Exergy
	Energiutnytting	Energy conversion

INNHALD

	Side
1 Hovedresultat: Utnyttning av energi og energikvalitet i Noreg	5
 DEL 1: GENERELT OM BAKGRUNN OG METODE FOR ANALYSEN	
2 Bakgrunn: Energiforvaltning	9
3 Termodynamikk, metode og datagrunnlag	10
3.1 Kort om det termodynamiske grunnlaget	10
3.2 Om analysemetoden	11
3.3 Systemgrense for analysen	11
3.4 Bruk av statistiske data	12
4 Litt om energi, varme, temperatur og eksergi	13
4.1 Nokre termodynamiske uttrykk	13
4.2 Døme: Varmekraftverk og kraft-varmeverk	16
4.3 Døme: Oppvarming og smelting av fast stoff	18
5 Drøfting av feilkjelder og alternative reknemåtar	19
5.1 Energisektoren	19
5.2 Prosess/bruker-sektorer	20
5.3 Energisystemet	21
5.4 Oppsummering av uvisse og eventuelle feil	22
6 Samanlikning med andre land	23
7 Litteraturliste	26
 DEL 2: DELANALYSAR	
8 Generelt om delanalysane	27
9 Tilgang på energi og eksergi	28
9.1 Tilgang på ulike råvarer og energibærere	28
9.2 Energi og eksergi	31
10 Eksergianalyse av trevare- og treforedlingsindustrien i Norge	33
10.1 Forbruk av eksergi fra energivarer:	33
10.2 Forbruk av råvarer:	33
10.3 Netto produsert eksergi:	34
10.4 Resultat:	35
11 Eksergianalyse av produksjon- og forbruk av mat i Norge	36
11.1 Ekserginnhold i korn, fisk, kjøtt, etc:	36
11.2 Netto tilgang:	36
11.3 Forbruk av energibærere:	38
11.4 Netto produsert eksergi:	38
11.5 Resultat:	39
11.6 Kommentar:	39
12 Eksergianalyse av aluminiumsindustrien i Norge	41
12.1 Forbruk av eksergi fra energibærere:	41
12.2 Forbruk av råvarer:	41
12.3 Netto produsert eksergi:	42
12.4 Resultat:	42
13 Eksergianalyse av ferrolegeringsindustrien i Norge	46
13.1 Introduksjon:	46
13.2 Forbruk av eksergi fra energibærere:	46
13.3 Forbruk av råvarer:	47

13.4	Netto produsert eksergi:.....	47
13.5	Resultat:.....	48
14	Eksergianalyse av stålindustrien i Norge	50
14.1	Forbruk av eksergi fra energibærere:.....	50
14.2	Forbruk av råvarer:.....	50
14.3	Netto produsert eksergi:.....	51
14.4	Resultat:.....	51
15	Eksergianalyse av ikke-jernholdige metaller (unntatt aluminium)	52
15.1	Forbruk av eksergi fra energibærere:.....	52
15.2	Forbruk av råvarer:.....	52
15.3	Netto produsert eksergi:.....	53
15.4	Resultat:.....	53
16	Oppsummering for stål- og metallindustrien totalt (unntatt aluminium)	44
16.1	Forbruk av eksergi:.....	44
16.2	Produksjon av eksergi:.....	44
16.3	Resultat:.....	44
17	Eksergianalyse av kjemisk industri i Norge	54
17.1	Forbruk av eksergi fra energibærere:.....	54
17.2	Forbruk av råvarer:.....	54
17.3	Netto produsert eksergi:.....	55
17.4	Resultat:.....	55
18	Eksergianalyse av transportsektoren i Norge	56
18.1	Forbruk av eksergi fra energibærere:.....	56
18.2	Bane- og veitransport:.....	56
18.3	Vanntransport:.....	56
18.4	Lufttransport:.....	57
18.5	Resultat:.....	57
19	Generelt om romvarme, lys og mekanisk arbeid	58
19.1	Mekanisk industri.....	58
19.2	Tjenesteytende næringer og husholdninger.....	59
19.3	Fordeling etter formål.....	59
19.4	Antagelser og estimater.....	60
19.5	Analyser.....	60
20	Eksergianalyse av hushold i Norge	61
20.1	Forbruk av eksergi fra energibærere:.....	61
20.2	Eksergi brukt til romvarme:.....	61
20.3	Eksergi brukt til varmvatn.....	63
20.4	Eksergi brukt til lys.....	63
20.5	Eksergi brukt til kjøling, elektrisk utstyr, m.m.....	63
20.6	Resultat.....	64
20.7	Kommentar:.....	64
21	Eksergianalyse av tjenesteytende næringer	66
21.1	Forbruk av eksergi fra energibærere:.....	66
21.2	Eksergi brukt til romvarme:.....	66
21.3	Eksergi brukt til belysning og elektrisk utstyr:.....	67
21.4	Eksergi brukt til motordrift (mekanisk arbeid):.....	68
21.5	Eksergi brukt til varmtvann:.....	68
21.6	Resultat:.....	68
21.7	Kommentar:.....	69
22	Eksergianalyse av "annen industri" i Norge	70
22.1	Introduksjon.....	70
22.2	Forbruk av eksergi fra energibærere.....	70
22.3	Eksergi brukt til mekanisk arbeid.....	70

22.4	Eksergi brukt til belysning, etc.	71
22.5	Eksergi brukt til varmtvann	71
22.6	Eksergi brukt til romvarme	71
22.7	Eksergi brukt til prosessvarme	72
22.8	Resultat	72
22.9	Kommentarer	73
23	Eksergialyse av romoppvarmingen i Norge	74
23.1	Introduksjon	74
23.2	Forbruk av eksergi fra energibærere	74
23.3	Resultat	74
24	Eksergialyse av belysning, el. artikler, prosessvarme, etc. i Norge	75
24.1	Introduksjon	75
24.2	Forbruk av eksergi fra energibærere	75
24.3	Resultat	75
25	Eksergialyse av mekanisk arbeid i Norge	76
25.1	Introduksjon	76
25.2	Resultat	76
26	Sluttmerknader og konklusjon	77
	Litt om måleiningar	79

1 Hovudresultat: Utnytting av energi og energikvalitet i Noreg

I dette avsnittet vert hovudresultata presenterte. Meir om bakgrunn, metode, drøfting og samanlikning med andre land følgjer i dei neste avsnitta. Deretter kjem delanalysane, sektor for sektor av det norske samfunnet.

Energibruken i det norske samfunnet er undersøkt ved hjelp av eksergianalyse. Eksergi er eit termodynamisk mål for energikvalitet. Eksergi er arbeidsevna, det maksimale mekaniske arbeidet ei energimengd kan utføre, – eller det minste arbeidet som må til for å føre eit materiale eller medium til ein viss tilstand. Alle energiformer og materialar har eit større eller mindre eksergi-innhald. Elektrisk og mekanisk energi har høg kvalitet, energien i høgtrykksdamp har middels kvalitet, varme ved romtemperatur har låg kvalitet, og termisk energi i havet har null kvalitet. Omvendt så treng ein ikkje energi med høg kvalitet for å varme opp eit rom eller for å koke matvarer.


I eksergianalysar fører ein rekneskap med energien (dvs. varmeverdien til energien) på same måte som i vanlege energianalysar, og i tillegg fører ein rekneskap med arbeidsevna (kvaliteten) til energien.

Analysen tek med alle resursar som går inn i samfunnet: energiberarar, malm og mineralar, avling i jord- og skogbruk, fiske og fangst. Alt som går ut til forbruk og eksport vert også tilordna ein eksergi-verdi. Det gjeld varer som mat, metallprodukt, kjemiske produkt, og tenester som romvarme og transport. Analysen peikar ut dei områda der potensialet for dei største forbetringane ligg, og kor store dei er. Når ein ser dette i samanheng med moglege tekniske løysingar og praktisk gjennomføring, vil ein meir effektivt kunne setje inn tiltak som monnar.

For året som er analysert, 1995, gjekk det til saman 1184 PJ eksergi inn i det norske samfunnet. Frå alt dette var det att 282 PJ i dei varer og tenester som vart produserte. Dette gjev ein utnyttingsgrad på 24 %.

Tabell 1 Hovudresultat. Utnytting av energikvalitet (eksergi) i Noreg.

	Eksergi (PJ)	Del av samla inngang (%)
Inngang, samla	1184	100,0
Tap/brukt i energisektoren	140	11,8
Inngang til brukarsektorar	1031	87,1
Tap i brukarsektorar	751	63,4
Utgang frå brukarsektorar	282	23,8



Figur 1: Ekssergistraumen i det norske samfunnet, 1995, utanom utaskjers olje- og gassaktivitet. Den samla ekssergi-inngangen var 1184 PJ (278 GJ/cap), og ekssergien i produserte varer og tenester var 282 PJ (66 GJ/cap).

Tabell 2 Resultat frå dei ulike delanalysane utanom energisektoren; eksergi-inngang, eksergi-utgang og utnyttingsgrad.

Brukar-sektor	Eksergi-inngang (PJ)			Del av inng. (%)	Eksergi-utg. (PJ)	Del av utg. (%)	Utnytting (%)	Del av tap (%)
	Råvare	Energivr.	Sum					
Treforedling	104,6	36,1	140,7	13,6	71,2	25,2	51,2	9,3
Matvare	122,7	46,8	169,5	16,4	28,5	10,1	16,8	18,8
Aluminium	5,4	65,9	71,3	6,9	28,0	9,9	39,3	5,8
Stål/Metall	4,9	61,1	66,0	6,4	22,2	7,9	33,6	5,8
Kjemisk		106,6	106,6	10,3	64,0	22,7	60,0	5,7
Transport		189,5	189,5	18,4	31,1	11,0	16,0	21,2
Lys/utstyr		140,4	140,4	13,6	23,4	8,3	16,7	15,6
Mekan.arb.		11,2	11,2	1,1	5,6	2,0	50,0	0,7
Romvarme		136,0	136,0	13,2	8,2	2,9	6,0	17,0
Samla	237,6	793,6	1031,2	99,9	282,3	100,0	27,4	99,9
Tap (differanse inn-ut):				748,9				

Tabell 3 Alternativ fordeling av sektorane "Lys og utstyr m.m.", "Mekanisk arbeid", og "Romvarme". Dei tre siste linjene før "sum", kan bytast ut med følgjande inndeling.

Brukar-sektor	Eksergi-inngang (PJ)			Del av inng. (%)	Eksergi-utg. (PJ)	Del av utg. (%)	Utnytting (%)	Del av tap (%)
	Råvare	Energivr.	Sum					
Annan ind.		35,0	35,0	3,4	8,7	3,1	24,8	3,5
Hushald		166,2	166,2	16,1	19,9	7,0	12,0	19,5
Teneste		86,4	86,4	8,4	8,6	3,0	10,0	10,4

Analysen byggjer på statistikk frå Statistisk sentralbyrå, bransjeorganisasjonar, m.m. Ein legg til grunn dei prosessane og aktivitetane som faktisk er der. Spørsmålet om korleis vi skal, eller eventuelt ikkje skal, utføre aktivitetane, er viktig nok, men fell utanfor rammene for denne analysen.

Samfunnsområde som særleg peikar seg ut med svak energiutnytting, er romvarme, lys m.m., næringsmiddel og transport. Alle desse har utnyttingsgrad under 20 % og utgjer kvar for seg ein stor del av energibruken.

Mykje direkte elektrisk oppvarming gjer at **romvarme** kjem svært dårleg ut, med under 6% utnytting. Alvorleg satsing på varmpumper, som er ein kjend teknologi, ville hjelpe her. Mykje energi til **lys** går berre til varme, og med endå dårlegare utnytting. Vansken med å få til forbetringar i desse sektorane ligg i at det er svært mange aktørar, og umåteleg mange einingar. På den ande sida er mykje av utstyret standardisert, og difor vil den same løysinga kunne nyttast i mange tilfelle. Ein annan føremon er at teknologi som kan gjere energiutnyttinga til lys og romvarme monaleg betre, finst alt i dag.

Næringsmiddelsektoren kjem svakt ut av fleire grunnar. Energimessig sett gjev husdyr og oppdrettsfisk store tap. Næringsinnhaldet i slaktet er vesentleg lågare enn næringsinnhaldet i alt det foret dyret, fuglen eller fisken har ete. Vidare gjev svinn, eller uutnyttat organisk materiale, eit visst bidrag. Ein del av tapet er knytt til prosessar der høgkvalitetsenergi er nytta til varme ved moderate temperaturar (koking, tørking, oppvarming).

Også **transport**sektoren kjem svakt ut i denne analysen. Dette har fleire grunnar. Som ein viktig bakgrunn, må ein ta med seg at energien her går til mekanisk arbeid utført av termiske arbeidsmaskiner (bensin- og dieselmotorar, gassturbinar). Termodynamikken set ei avgjerande øvre teoretisk grense for energiutnyttinga i slike maskiner. Vidare går ein del av arbeidet ufråvikeleg til å overvinne friksjon og strøymingsmotstand. Sektoren er oppdelt i svært mange einskild-einigar: over to millionar bilar, båtar, fly, m.m. På den andre sida er det stort sett standardiserte innretningar i denne mengda, og dessutan ei viss utskiftingstakt. Det gjer at ein kan rekne med jamn forbetring etter kvart som transportmidla vert fornya.

Aluminiumsindustrien er eit døme på ein sektor med etter måten god utnytting, nær 40%. Det vil seie at produktet, hovudsakleg råaluminium, inneheld så stor del av den tilførte eksbergien. Vi kan også leggje merke til at berre 7% av den tilførte eksbergien ligg i råstoffet, medan elektrisitet utgjer 77% av den tilførte eksbergien.

Denne sektoren er særmerkt som ein einskapleg sektor med få, store einingar. Difor vil det reint praktisk liggje til rette for forbetringar her. Det gjeld i noko mon dei følgjande sektorane også.

Treforedling og trevare kjem ut med relativt høg utnytting, vel 50%, først og fremst fordi produkta framleis inneheld mykje eksbergi. Det same gjeld **kjemisk industri**.

Andre har gjort tilsvarende analysar for Sverige, Italia og Japan. Ser ein på den totale utnyttingsgraden åleine, kjem Noreg etter måten godt ut i samanlikning. Men dette kjem eine og åleine av stor tilgang på vasskraft. Elektrisitetsproduksjon frå vasskraft gjev små tap. Dine er det teknisk/økonomisk sett enklare å utnytte el.energi enn t.d. fossile brensel i mange industriprosessar. Dersom ein ser på energiutnytting utanom energisektoren, kjem Noreg ut om lag som dei andre landa.

Eit moment som ikkje kjem med i desse tala, er at det ikkje finst tekniske innretningar som fullt ut kan utnytte eksbergien i kjemiske og fassile brensel. Den beste teknologien gjev 35-55 % utnytting av brenselenergi; mot 90 % for vassfallenergi. Dersom den norske elektrisiteten var produsert med beste kolkraftteknologi (ca. 40%), ville vi kome ut med ei samla utnyttingsgrad på om lag 14 %. Dette er ei halvering, og svakare enn dei andre landa.

DEL 1: GENERELT OM BAKGRUNN OG METODE FOR ANALYSEN

2 Bakgrunn: Energiforvaltning

Energi er viktig i alle samfunn – anten det er steinalder, stålalder eller dataalder. For oss i Noreg er energi særleg viktig, både fordi vi lever i eit kaldt klima, fordi vi er eit "utvikla" samfunn, og fordi vi har store inntekter av energiekспорт.

Energiproduksjon og energibruk, iallfall slik det vert gjort i dag, har ein del skadeverknader for miljø og helse. Fossile brensel har uheldige og uvisse klimaverknader. Dei energiformene vi nyttar i dag, må også reknast som avgrensa resursar – dels fordi det finst endelege mengder av dei, dels fordi bruken av dei har verknader på helse, miljø og klima. Og endeleg er det økonomiske kostnader ved energibruk: Ein må betale for den energien ein brukar.

Alt dette peikar mot at energien vi har tilgjengeleg bør forvaltast med klokskap. Dette har minst to sider:

- Ein kan spørje om energibruken er naudsynt. – Treng vi så mykje lys og så mykje varme på så mange rom, treng vi reise med fly når det går tog, kan varetransporten utførast med mindre køyring (men kanskje meir lagring), kan aluminium frå elektrolyseomnen gå rett i støypeforma for detaljproduksjon? – Eller treng vi eigentleg lage *så mange* ting? Dette er spørsmål som går på kva ein gjer og ikkje gjer.
- Om vi har sett oss føre å gjere ting som krev energi, vert spørsmålet: – Kan dette gjerast med mindre resursar enn det vi gjer i dag? Kan vi få like god varme, like god transport, og industriprosessar med den same produksjonen, men likevel bruke mindre resursar?

Denne rapporten vil først og fremst sjå på en del av det siste spørsmålet: Alle energiformer har ein større eller mindre energikvalitet. Spørsmålet vert ikkje berre kor mykje energi vi treng til eit føremål, men også kor mykje energikvalitet vi treng.

Eit døme: For å varme opp 10 kg vatn frå 5 °C til 100 °C, treng vi 3,98 MJ varme (1,11 kWh). Men, teoretisk treng vi berre 0,62 MJ (0,17 kWh) elektrisk energi til dette. Det er 15% av varmen. Resten av varmen kan vi hente frå omgjevnadene med ei varmpumpe. For å koke (fordampe) dei 10 kg vatn, treng vi 22,6 MJ varme ved 100 °C. Av dette må 46% eller 10,3 MJ (2,86 kWh) vere elektrisk energi eller mekanisk arbeid.

Eit mål for energikvalitet er **eksergi** – som er det maksimale arbeidet ei energimengd kan utføre.

3 Termodynamikk, metode og datagrunnlag

3.1 Kort om det termodynamiske grunnlaget

Vi skal ikkje her repetere det termodynamiske grunnlaget for denne studien. Dei som studerer dette faget, les ei bok som til dømes Moran & Shapiro: *Fundamentals of engineering thermodynamics* (1998). Det er denne vi brukar i faga *Termodynamikk 1* og *2* ved NTNU. Det finst mange slike bøker, men ingen på norsk på dette nivået. Her finn vi det generelle grunnlaget i termodynamikk og ei innføring i eksergianalyse. Vidare har vi bøker som er meir retta mot eksergianalyse, særleg T.J. Kotas: *The exergy method of power plant analysis* (1995). Denne brukar vi i faget *Energiforvaltning* ved NTNU. Utrekning av eksergiverdiar for energistraumar og energimengder kan ein finne i generelle termodynamikk-bøker. Grunnlaget for å rekne ut eksergi for materialstraumar finn vi i boka til Kotas.

Denne særskilde greina av eksergianalyse, for eit heilt land eller samfunn, er utvikla av Gøran Wall. I avhandlinga si (1977) brukte han det svenske samfunnet 1975 og 1920 som døme på korleis teorien kunne nyttast. Seinare er det gjort analysar for mellom anna Japan 1985 (Wall, 1990), Italia 1990 (Wall, Sciubba & Naso, 1994), Sverige 1980 (Wall, 1986) og Sverige 1994 (Wall, 1997). Vidare er det gjort noko enklare analysar av Kanada 1986 (Rosen, 1992) og Brasil 1987 (Schaeffer & Wirtshafter, 1992).

Læra om samanhengen mellom varme og andre energiformer vert kalla termodynamikk, eller varmelære.

Frå gammalt av har ein visst at krefter i vatn og vind kan gjerast om til arbeid i vasshjul, vindmøller og segl. Endå mykje lengre har menneska kunne gjere brensel om til varme. Først med dampmaskinene til Newcomen i 1712 og Watt i 1769 kunne brensel og varme gjerast om til arbeid. Termodynamikken vart utvikla med bakgrunn i dette. Spørsmålet var kva samheng det var mellom varme og arbeid: –Kor mykje drivkraft er det i varme? Svaret vart at

- alt arbeid kan gjerast om til ei like stor mengd varme. Den varmen som vert omgjort til arbeid, gjev ei like stor mengd arbeid.
- berre ein viss del av varmen kan gjerast om til arbeid.

Dette er 1. og 2. hovudsetning (eller 1. og 2. lov) i termodynamikken. I følge 1. hovudsetning er alle energiformer likeverdige; dei har *same kvantitet*. Etter 2. hovudsetning er nokre energiformer meir verdifulle enn andre; dei har *ulik kvalitet*. Energimengda er kvantiteten. Den delen av energimengda som kan gjerast om til arbeid, arbeidsevna, er eit mål for kvaliteten, vi kallar det *eksergi*.

3.2 Om analysemetoden

I termodynamisk analyse definerer ein eit **system** med **grenser**, og med **straumar** av masse og energi over desse grensene. Eit system kan vere ein varmevekslar, ein fyrkjel, ein gassturbin (sjå Ertesvåg, 1998), eit prosessanlegg, eit brenselcellesystem (sjå Bedringås m.fl., 1997), eit fabrikkområde, eit land, atmosfæren. Ein føresetnad for ein slik analyse er at straumane over denne systemgrensa, og endringar i tilstanden innafor, kan identifiserast og kvantifiserast.

Denne studien er ein **eksergialanalyse** av eit definert system. Då har vi talfesta både massen, energien og eksergien (dvs. energikvaliteten) til dei straumane som kryssar systemgrensa.

3.3 Systemgrense for analysen

Det vi har definert som system for analysen, er **det norske samfunnet** – utan utaskjers olje- og gassaktivitet. Råolje og naturgass til eksport er halde utanfor analysen, og likeins den resursbruken som går med til å utvinne og transportere dei ut.

Inngang til systemet er alle importerte, hausta eller utvunne råvarer og energivarer: hausta biologiske produkt som fisk (ikkje oppdrett), avlingar, vilt, skogsvirke, mineralar og malm, olje, naturgass og kol (til innanlands forbruk), resirkulerte stoff som (retur-)papir og skrapmetall, utnytta vassfallsenergi, vindenergi, bølgeenergi, solenergi, osb.

Utgang av systemet er råvarer og varer (mat, treprodukt, kjemikaliar, metallvarer, og så bortetter) og tenester (oppvarming, lys, transport, mekanisk arbeid, m.m.) som går til forbruk eller eksport.

Biologiske produkt (matvarer, mat- og fôrplanter, fisk, vilt) vert rekna som inngang i det dei vert hausta eller importerte. Slakt av oppdrettsfisk og husdyr er ikkje inngang, men eit ledd i prosesskjeden mellom inngang (t.d. hausta dyrefor) og utgang (t.d. kjøtprodukt til forbruk, eller ferskfisk til eksport).

Elektrisitet er ikkje primærenergi, bortsett frå når han er importert. (I analyseåret, 1995, var nettoimporten svært liten.) Inngangen er den utnytta vassfallenergien, eller brensel til varmekraftverk.

Analysen tek utgangspunkt i dei prosessane som faktisk finst. Om vi har ein gammal fyrkjel, er han dårlegare enn ein ny. Men det er like fullt den gamle fyrkjelen som står der, og som energien går inn til. Transport kan ein alltid tenkje seg meir effektiv; meir kollektivtransport, betre motorar og drivverk, lettare køyrety, mindre og jamnare fart. Desse vurderingane fell utanfor ein slik analyse. Om du køyrer ein gammal, stor, tung bil med stor friksjon i hjul og drivverk, så gjer du det. Ein kunne lagt til grunn at du kunne bruke ein liten, lett og ny bil. Men skal ein gå inn på slike vurderingar, kjem ein lett til at du også "burde" reise kollektivt, sykle, eller kanskje at reisa strengt rekna ikkje var naudsynt. Slike vurderingar vil ikkje inngå i ein termodynamisk analyse som denne. Men vurderingane må gjerast på det kunnskapsgrunnlaget som slike analysar er med på å leggje.

3.4 Bruk av statistiske data

Dei ulike delanalysane som følgjer, tek utgangspunkt i tilgjengelege statistiske data for bruken av ulike materialar og energiberarar, produksjon av ulike produkt, og så bortetter. I somme sektorar er statistikken svært detaljert, i andre tilfelle er det sparsamt med data. Siktemålet med analysen er å skaffe fram eit total-bilete. Det gjer at vi ikkje kan, eller treng, finrekne på dei aller minste detaljane. Vi må vurdere kor viktig ein sektor er. Matvareproduksjon er eit døme på ein større sektor, med rikelege mengder statistiske data. Her har vi gått etter måten noggrant til verks. Mekanisk arbeid er ein sektor med svært få data for utgangen. Men sidan sektoren i seg sjølv er liten (vi kjenner energi-inngangen), gjer eventuelle feil i overslaget lite eller inkje for totalbiletet. Aluminiumsindustrien er ein sektor med eit visst omfang, med ein einskapleg struktur – og difor enkle, men nøyaktige data.

4 Litt om energi, varme, temperatur og eksergi

4.1 Nokre termodynamiske uttrykk

Energi finst i mange former, t.d. potensiell, kinetisk, elektrisk, kjemisk og termisk energi, arbeid og varme. Etter første hovudsetning er alle energiformer jamstilte og likeverdige. Etter andre hovudsetning har ulike energiformer ulik kvalitet. Denne kvaliteten måler vi etter evna til å gjere arbeid. Ei energimengde kan teoretisk gje ei viss mengde arbeid; dette kallar vi **eksergi** (tidlegare lærebøker brukar også nemningar som “maksimalt arbeid”, “tilgjengeleg energi”, “arbeidsevne”). Ein reversibel prosess kan gje dette arbeidet frå den energimengda det er snakk om. Resten av energien kan aldri gjerast om til arbeid.

Dersom vi har ei energimengd som vi overfører reversibelt frå ein tilstand til ein annan, vil eksergien vere den same. Dersom overføringa skjer ved ein irreversibel prosess (t.d. over ein endeleg trykkdifferanse eller temperaturdifferanse, eller det er friksjon i systemet), vil noko av eksergien (eller arbeidsevna) gå tapt. Dette tapte arbeidet eller tapte eksergien kallar vi **irreversibilitet**.

Eksergi i ei energimengd og irreversibilitet i ein prosess kan vi kvantifisere ved hjelp av første og andre hovudsetning.

- Eksergi i varme

Eksergi i ei varmemengd Q [J] avgjeven ved ein temperatur T [K] er

$$E^{\text{ex}} = Q \left(1 - \frac{T_0}{T} \right) \quad [\text{J}]$$

Her er T_0 [K] temperaturen i omgjevnadene. Dette er også det teoretisk minste arbeidet som må til for å levere varmemengda Q ved temperaturen T , dvs i ei varmepumpe.

For ein varmestraum \dot{Q} [J/s] vert uttrykket for \dot{E}^{ex} [J/s] likeins.

Uttrykket i parentesen er identisk med Carnot-verknadsgraden (Carnot-faktoren); dvs det største arbeidet vi kan få ved å veksle varme frå temperaturen T til temperaturen T_0 i omgjevnadene.

Ved ei varmeoverføring (utan arbeid) \dot{Q} frå temperatur T_1 til temperatur $T_2 < T_1$ er eksergitapet eller irreversibiliteten:

$$\dot{E} = \dot{E}_1^o - \dot{E}_2^o = \dot{Q} \left(1 - \frac{T_o}{T_1} - 1 + \frac{T_o}{T_2} \right) = \dot{Q} T_o \left(\frac{1}{T_2} - \frac{1}{T_1} \right)$$

Dette gjeld t.d. i ein varmevekslar.

- Eksergi i elektrisitet og mekanisk energi

Eksergi i elektrisk energi er lik energimengda: $\dot{E}_{el} = \dot{W}_{el}$. Det same gjeld mekanisk arbeid, kinetisk og potensiell energi.

- Eksergi i strøymande medium

Eksergi i eit strøymande medium (arbeids- eller varmemedium) – dvs for ein massestrøm \dot{m} [kg/s] inn/ut av eit ope system:

$$\begin{aligned} \varepsilon &= (h - h_o) - T_o (s - s_o) && \text{[J/kg]} \\ \dot{E} &= \dot{m} \varepsilon && \text{[J/s]} \end{aligned}$$

Her er h spesifikk entalpi [J/kg], og s er spesifikk entropi [J/kg/K] for mediet; $h_o = h(T_o, P_o)$ og $s_o = s(T_o, P_o)$; der P_o [Pa] er trykket i omgjevnadene. Desse storleikane kan vi ofte hente frå tabellverk (databasar).

- Eksergi i masse (lukka system)

Eksergi i ei masse m [kg] (lukka system) vert uttrykt noko annleis enn for ein massestrøm (dette følgjer av definisjonen og av hovudsetningane):

$$\begin{aligned} \xi &= (u - u_o) + P_o (v - v_o) - T_o (s - s_o) && \text{[J/kg]} \\ \Xi &= m \xi && \text{[J]} \end{aligned}$$

Her er u spesifikk indre energi [J/kg], og v er spesifikt volum [m³/kg]; $u_o = u(T_o, P_o)$ og $v_o = v(T_o, P_o)$.

For faseovergang (reversibel) ved konstant temperatur T_s [K] gjeld

$$s_2 - s_1 = \frac{h_2 - h_1}{T_s} \quad (\text{ved konstant trykk})$$

$$s_2 - s_1 = \frac{u_2 - u_1}{T_s} \quad (\text{ved konstant volum})$$

For eit reint stoff skjer prosessen ved konstant temperatur. For smelting/storkning er $\Delta u \approx \Delta h$. For blandingar av fleire stoff skjer faseovergangen over eit temperaturintervall, slik at uttrykka vert noko meir samansette.

- Kjemisk eksergi: eksergi i materialar

Dei samanhengane som er lista opp ovanfor, gjeld for system utan kjemiske reaksjonar og for blandingar der samansetnaden ikkje vert endra.

For å føre rekneskap med energi og eksergi, må vi ha ein referanse. Det er omgjevnadene. Ovanfor har vi sett på det arbeidet ein kan ta ut av eit medium når det vert ført til mekanisk og termisk jamvekt med omgjevnadene, dvs til same trykk og temperatur. Kjemisk eksergi er det arbeidet ein kan få frå eit stoff ved å føre det frå mekanisk/termisk jamvekt og heilt til kjemisk jamvekt med omgjevnadene.

For kvart grunnstoff vert det definert ein *mest stabil tilstand*. For oksygen er dette atmosfærisk oksygen, dvs. O_2 med partialtrykket 0,2040 bar (0,2067 atm). For jarn, Fe, er referansen hematitt, Fe_2O_3 , med ein viss konsentrasjon i jordskorpa (Kotas, 1995). Alle andre jarnsambindingar får eksergi i høve til dette. Rein eller opprika hematitt (Fe_2O_3) har ein eksergi lik det teoretisk minste arbeidet som må til for å skilje ut hematitten. Magnetitt, Fe_3O_4 , har ein eksergi lik det minste arbeidet som må tilførast for å lage Fe_2O_3 ved referansekonsentrasjonen om til Fe_3O_4 og atmosfærisk oksygen. Reint jarn har eksergi lik det minste arbeidet som må til for å gjere Fe_2O_3 om til reint jarn og atmosfærisk oksygen.

Ein prosess som brukar Fe_3O_4 til råvare, vil få tilført noko eksergi med råvarestraumen. Når prosessen nyttar skrapjarn som jarnkjelde, vil han få tilført ei større eksergimengd med råvarene enn om han brukte Fe_3O_4 .

Blandingar der stoffa har andre konsentrasjonar enn i omgjevnadene, vil også ha eksergi. Referansen for karbon er CO_2 ved partialtrykket i atmosfæren (0,000294 bar). Rein CO_2 ved trykk 1 atm (1,01325 bar) vil såleis ha kjemisk eksergi lik ekspansjonsarbeidet frå 1 atm til 0,000294 bar. Dette er også lik det minste arbeidet som må til for å separere CO_2 frå atmosfæren.

Ferskvatn har kjemisk eksergi fordi det har ein annan samansetnad enn det havet det renn ut i. Eksergien svarar til eit vassfall på om lag 270 m. Dette potensialet ligg til grunn for tanken om *saltkraft*.

4.2 Døme: Varmekraftverk og kraft-varmeverk

Ein skil gjerne mellom *varmekraftverk*, som berre skal produsere elektrisk energi, og *kraft-varmeverk*, som attåt elektrisk energi også skal levere varmt vatn/damp til oppvarming eller prosessar (også kalla “kogenerering”). Eit *varmeverk* leverer berre varme, ikkje elektrisk energi.

Eit moderne fastbrenselfyrt (kolfyrt) kraftverk gjev elektrisk energi lik omlag 40-45% av brenselenergien. For gassfyrte kraftverk er talet omkring 55-60%. Resten av energien går ut med kjølevatn og røykgass. I slike oppgåver er det vanlegvis ikkje gjort greie for kva som er med i reknestykket; dvs om tap ved oppstart/nedkøyring, eigenforbruk, brenselhandsaming (t.d. knusing, transport) m.m. er rekna inn.

Ved å utnytte spillvarmen til oppvarming eller prosessvarme kan opp mot 90 % av brenselenergien utnyttast til varme og elektrisk energi. Men då vert elektrisitetsdelen mindre. Den samla eksergileveransen vert også mindre enn for eit reint kraftverk.

Ein stor del av eksergitapet skjer i forbrenninga; varmeveksling over store temperaturdifferansar er ei anna stor kjelde til irreversibilitet.

Døme: Tre alternativ for kraftverk og kraft-varmeverk

Vi vil ha eit fastbrenselfyrt anlegg, der innfyrt brenselenergi (brennverdi til brensløst) er sett til 100 % (eller 100 energi-einingar, om ein vil). Alternativa er

- 1) leverer 40 % elektrisk energi; ikkje varme.
- 2) leverer 30 % elektrisk energi; 40 % termisk energi som vatn til fjernvarme (tur 120°C; retur 80°C)
- 3) leverer 25 % elektrisk energi; 20 % termisk energi som damp ved 500°C, 20 bar, (retur: vatn 80°C, 1 bar) og 20% termisk energi som vatn til fjernvarme (120°C, retur 80°C).

Etter 1. hovudsetning har vi størst utbytte i tilfelle 2: 70% av brenselenergien.

Vi kan rekne ut eksergiinnhaldet i dei tre tilfella, og let omgjevnadene ha $T_o = 273\text{K}$ (0°C):

1) kraftverket leverer el.energi = eksergi, 40 % av brenselenergien (brennverdien)

2) vatn ved 120°C kan teoretisk avgje ei varmemengd $h-h_o = 504 \text{ kJ/kg}$, som inneheld ei eksergimengd $\varepsilon = 87 \text{ kJ/kg}$, eller 17% eksergi. Verdiane for entalpi og entropi hentar vi frå tabellverk, t.d. i ei termodynamikk-bok. Returvatnet, 80°C , kan framleis avgje ei varmemengd på 335 kJ/kg , og har ein eksergi på 41 kJ/kg , eller 12% av varmemengda. For oppvarming frå 80°C til 120°C må det tilførast ei varmemengd på 169 kJ/kg , og ei eksergimengd på 45 kJ/kg som er 27% av den tilførte varmemengda.

Samla eksergi (elektrisitet og vatn) *ut frå* kraft-varmeverket er $(30\%) + 0,27 \cdot (40\%) = 41\%$, rekna av brennverdien.

Tek vi omsyn til at fjernvarmen berre vert nytta til romvarme (20°C), vert eksergimengda 7% (ikkje 27%) av energimengda. Den leverte eksergien vert redusert til 33%.

3) damp ved 500°C , 20 bar kan teoretisk avgje ei varmemengd $h-h_o = 3468 \text{ kJ/kg}$, som inneheld ei eksergimengd $\varepsilon = (h-h_o) - T_o(s-s_o) = 1439 \text{ kJ/kg}$, eller 41,5 % eksergi. Returvatnet på 80°C må tilførast ei varmemengd på 3133 kJ/kg , og ei eksergimengd på 1397 kJ/kg som er 45% av varmemengda.

Samla eksergi (el., damp og vatn) *ut frå* kraft-varmeverket er $(25\%) + 0,45 \cdot (20\%) + 0,27 \cdot (20\%) = 40\%$, rekna av brennverdien.

Når fjernvarmen er rekna som romvarme (sjå ovanfor), vert dette redusert til 35%.

Her har vi valt alle tala “runde”, for å gjere reknedømet enkelt. Tala er såleis noko tilfeldige, men dei er ikkje urealistiske. Sjølv om dei kan vere litt annleis i praksis, vil poenget vere det same: Eit kraft-varmeverk med fjernvarme gjev ikkje noko særleg meir eksergi enn eit reint kraftverk, og det kan like gjerne gje mindre. Den mogelege utnyttinga hjå sluttbrukaren vert mindre.

Dersom elektrisiteten skal brukast til direkte oppvarming i panelomnar, vil naturlegvis tilfelle 2 kome best ut, det som gjev mest energi. Men – som vi veit – lyspærer, datamaskiner, kaffitraktarar, elektrolyseomnar og elektromotorar verkar dårleg på fjernvarme. Det vert dessutan eit spørsmål om kva ein skal gjere med fjernvarmen utanfor varmesesongen. I ei samfunnsmessig vurdering av dei ulike tilfella, må ein også ta med bruk av varmepumper til oppvarming i tilknytning til dei tre tilfella. Då ville el.energien kunne omformast til omlag 3-5 gonger så mykje varme for romoppvarming.

4.3 Døme: Oppvarming og smelting av fast stoff

Vi brukar aluminium (Al-99) som døme, og reknar spesifikk varmekapasitet $C = 0,9$ kJ/kg/K (konstant), smeltepunkt $T_s = 660^\circ\text{C}$ (933 K), og smeltevarme $h_s = u_s = 400$ kJ/kg. Det fordampar ved 2450°C .

Vidare reknar vi at det ikkje utvidar seg vesentleg (eller rettare: at utvidinga ikkje har noko å seie for analysen), at spesifikk varme er konstant og lik for fast og flytande aluminium, og at det har ein definert smeltetemperatur. Vi tenkjer oss at massen har ein start-temperatur på $T_1 = 300^\circ\text{C}$ (573 K), at ho vert varma opp til $T_2 = 1000^\circ\text{C}$ (1073 K), og at omgjevnadene har $T_0 = 273\text{K}$ (0°C).

Tilført energi vert: $\Delta u = u_2 - u_1 = C(T_2 - T_1) + u_s = 1030$ kJ/kg.

Tilført eksergi er: $\varepsilon_2 - \varepsilon_1 = C(T_2 - T_1) + u_s - T_0 C \ln \frac{T_2}{T_1} - T_0 \frac{u_s}{T_s} = 717$ kJ/kg,

eller 70% av tilført energi.

Dette inneber at berre 30 % av oppvarminga kan dekkjast med lågverdig varme, resten (70 %) må dekkjast med høgverdig energi (elektrisk energi – anten direkte eller for å drive ei varmpumpe).

Sidan samansetnaden ikkje vert endra, er kjemisk eksergi heller ikkje endra.

Dette reknedømet føreset ideelle prosessar; dvs. tapsfrie og reversible prosessar. I eit praktisk tilfelle vil ein del av eksergien gå tapt i overføringa mellom varmekjelde og massen som skal varmast opp. Reknedømet vert såleis eit grensetilfelle for den praktiske prosessen; ein kan ikkje på nokon måte få til noko betre.

4.4 Døme: Aluminium frå aluminiumoksid

For å omdanne aluminiumoksid (Al_2O_3) til råaluminium, må det tilførast 31,0 MJ energi pr. kg aluminium. Dette er entalpidifferansen når vi tenkjer oss ein ideell, teoretisk prosess, utan varmetap eller andre energilekkasjar i prosessen. Vi tenkjer oss også at stoffa før og etter prosessen har same temperatur (25°C). Etter *første hovudsetning* kan ein bruke energi frå spillvarme til dette. Men ser vi på den kjemiske eksergien og brukar *andre hovudsetning*, må det tilførast 29,1 MJ eksergi. Altså må 94% av energien vere elektrisk energi og annan høgverdig energi. Denne mengda (29,1 MJ/kg) er altså den *teoretisk minste* eksergimengda som må til for å lage aluminium av oksid. Dersom reduksjonsmiddelet er reint karbon, vil det tilføre 10,9 MJ eksergi. Resten, 18,2 MJ, må vere elektrisitet. Ein praktisk prosess krev også oppvarming og smelting, som vi såg på ovanfor. Vidare vil ein reell prosess alltid måtte medføre ein del tap.

5 Drøfting av feilkjelder og alternative reknemåtar

Dei fleste og viktigaste talverdiane er henta frå offentlege statistikkar og bransjestatistikkar. Dette gjeld slike mengder som tilførsle/produksjon og bruk av elektrisitet, olje, kol, naturgass, skogsvirke til industri, omsette fangstar og avlingar, malm, råmetall og trevareprodukt. Dette er i hovudsak den venstre delen av hovudfiguren, og den industrielle/kommersielle delen av den høgre delen.

I dette avsnittet vil vi drøfte dei mest uvisse energi/eksergi-mengdene, og sjå kor store eventuelle feil i overslaga må vere for å gje eit visst utslag i det totale resultatet. Når det er sagt, må det presiserast at ein ikkje kan legge saman desse eventuelle avvika, og finne ein "mogeleg total feil". Litt enkelt sagt vil gjerne ulike feil slå kvar sin veg, og såleis motverke kvarandre.

5.1 Energisektoren

Energirekneskapan frå Statistisk Sentralbyrå er ein sentral del av datagrunnlaget. Der finn vi ein post ”**Statistiske feil**”. For energivarer er desse feila er i alt 37 PJ (rekna som energi). Det er 3,8% av primærtilgangen innanlands eller 4,0% av registrert bruk utanom energisektoren. På same måte er det ein viss skilnad i eksergimengda ut frå energisektorane (tabellen i avsnittet om energitilgang) og summen av inngang til delanalysane (tabellen under ”Hovudresultat”). Denne differansen er 13 PJ, eller 1,1 % av eksergitilgangen.

Dersom den samla eksergi-inngangen vert endra 4% (råstoff og energivarer), vert den samla utnyttingsgraden endra med 1 %-poeng.

For **vassenergi** er det teke utgangspunkt i produksjonen av elektrisitet, og så rekna med eit tap på 15%. Dette tapsoverslaget er nytta i offisielle statistikkar for alle OECD-land. Det røynelege talet vil variere noko, både frå kraftverk til kraftverk, og over sesongen. Vi ser 15% over året som eit rimeleg overslag for Noreg. Dersom vi set tapet 5%-poeng opp eller ned, vert den samla eksergitilgangen endra med 3%-poeng, og den samla utnyttingsgraden vert endra med 1%-poeng.

Eksergi i ferskvatn (pga. salt-innhaldet i havet) er ikkje rekna med. Det er denne eksergien ein tenkjer seg å utnytte som ”saltkraft”. Vi kunne teke dette med, dersom vi visste kor stor mengd vatn som gjekk rett i havet frå utbygde vassfall. Ei enkelt overslag kan tyde på 5-10% tillegg i vassfallenergien, som ville minke den samla utnyttingsgraden med 1-2 %-poeng.

I statistikken er **ved til romvarme** rekna til 24,6 PJ energi, eller 2,7 % av energibruken. Det meste av dette er ikkje-kommersielt, og såleis uregistrert. Mengda har Statistisk Sentralbyrå rekna ut på grunnlag av spørjeundersøkingar.

Eksergi i brensel har vi rekna som kjemisk eksergi, slik det er definert i termodynamikkbøker, t.d. Kotas (1995) eller Moran & Shapiro (1998). Det gjev ein verdi litt over nedre brennverdi, men (oftast) under øvre brennverdi. Statistikkane oppgjev energi for brensel som nedre brennverdi (for brenselved: effektiv brennverdi), og såleis vert omrekningsfaktoren frå energi til eksergi litt over 1. Scheffer og Wirtshafter (1992) og Rosen (1992) har rekna på same måten i analysane for Brasil og Kanada. Wall (1997, 1994, 1990, o.fl.) har rekna kjemisk eksergi lik nedre brennverdi. Om vi hadde gjort det i denne analysen, ville eksergi-inngangen vore 2,1% mindre, og den totale utnyttingsgraden 0,5 %-poeng større.

5.2 Prosess/brukar-sektorar

I ein analyse av eit så mangfelt og komplisert system som eit heilt land, er det alltid ein viss fare for at det er **noko vi har oversett**. Det kan tenkjast her også. På same måte som for statistiske feil (sjå ovanfor), må den samla inngangen endrast med 4% (eller nær 50 PJ) for å endre utnyttingsgraden med 1 %-poeng. Ei slik endring ville svare til 1/8 av alle petroleumsprodukt, eller nær halvdelen av alt trevirke. Også dersom eksergi-utgangen vart endra 4% (11 PJ), ville den samla utnyttingsgraden verte endra med 1 %-poeng.

Det er noko uvisst korleis **lagerendringar** kjem inn i dei tala vi har nytta. Det gjeld både lager av energivarer hjå brukarane, og lager av industriprodukt. Dette kan vere rekna ulikt i dei statistikkane vi har nytta. Nokre taloppgåver kan vere for varer levert frå produsenten, medan andre kan vere for produksjonen. Slike avvik kan slå begge vegar, og vi har ikkje nokon grunn til å rekne med at det gjev nemneverdig utslag i totalbiletet (jf. drøfting ovanfor). I energisektoren er lagerendringar teke omsyn til i energistatistikken.

Tre brukar-sektorar er – med kvar sine grunnar – vanskelege å setje tal på. Det er kjemisk industri, transport, og romvarme. Inngangen til desse tre sektorane finn vi frå statistikkane. Men utgangen kan vere vanskeleg å talfeste nøyaktig.

Kjemisk industri er så vidfemnande og mangfeldt at det vert svært tidkrevjande å analysere alt det statistiske materialet som faktisk finst. Vidare må ein, for å gjere ein eksergianalyse, vite samansetjinga av dei ulike produkta. Dette er opplysningar som kan vere vanskeleg å finne fram til, eller få tilgang til. Vi har rekna utnyttingsgraden til 60%. Faktoren er høg fordi mange kjemiske produkt inneheld mykje energi og eksergi – dei fleste kan teknisk sett nyttast som brensel. Dersom vi sette faktoren 10%-poeng opp eller ned, ville dette endre samla energi/eksergi-utgang med 4%-poeng og den samla utnyttingsgraden med 1%-poeng.

For **transportsektoren** vert det mest eit spørsmål om kva som er "nyttig" transportarbeid. I litteraturen kan ein finne verknadsgrader (utnyttingsgrader) helt ned i 5-10%. Då har ein lagt ideelle tilhøve til grunn, t.d. friksjonsfri kraftoverføring, minimalisert strøymingsmotstand (luft/vatn) og rullestand. Kanskje har ein også lagt til grunn ein referanse med optimal kapasitetsutnytting (last/passasjer). For overslaga i denne analysen har vi lagt til grunn den transporten som faktisk skjer, og med det materiellet som faktisk vert nytta. Om ting burde/skulle/kunne vore annleis, så held vi det utanfor denne analysen. Med denne reknemåten vert arbeid for å overvinne friksjon og rørslemotstand eit naudsynt (og dermed "nyttig") arbeid for å drive transporten. For transportsektoren er utnyttingsgraden rekna til 16,4%. Dersom ein set dette talet 6%-poeng opp eller ned, vert den samla energi/eksergi-utgangen endra med 4%-poeng og den samla utnyttingsgraden med 1%-poeng.

Romvarme er den tredje sektoren det er vanskeleg å gje nøyaktig utnyttingsgrad for. Dette er drøfta under delanalysen for "Hushald". Ein modell av Wall (1986, 1997, o.fl), som er nytta i analysar m.a. for Sverige, fann vi var svært misvisande for vårt klima. Som eit overslag har vi sett utnyttingsgraden til 6% på landsbasis. Til samanlikning har Wall (1986) funne 5% som ein representativ verdi for Sverige. Det er lite truleg at feilmarginen her er meir enn 2-3 %-poeng; men verdien på 6% er heller for liten enn for stor. Dersom ein set utnyttingsgraden 4%-poeng opp eller ned, vert den samla energi/eksergi-utgangen endra med 2%-poeng og den samla utnyttingsgraden med 0,5%-poeng.

5.3 Energisystemet

I analyse-året 1995 var det ein svært liten netto krafteksport. I analysen er det lagt til grunn at all elektrisitet brukt i Noreg er vasskraft produsert i Noreg. I andre analysar (t.d. av Italia og Brasil) er importert el.energi rekna som tilførsle utan tap. Tapet vert lagt til det landet der krafta vert produsert. Med ein slik reknemåte ville ikkje vårt bilete verte endra, sjølv om vi tok omsyn til kraftutveksling.

Eit nytt kolkraftverk har verknadsgrad eller utnyttingsgrad omkring 40%. Den samla vest-europeiske kraftproduksjonen har lågare utnyttingsgrad enn dette, truleg om lag 30%. For vasskraft reknar ein 85% utnytting. Ein kunne rekna den norske kraftmarknaden som ein del av den europeiske, og dessutan lagt produksjonstapet på brukaren i staden for på produsenten. Om vi på denne måten hadde rekna utnyttingsgraden for el.produksjon til 40%, ville den samla utnyttingsgraden vorte halvert, til om lag 12 %.

Eit moment som ikkje kjem med i denne analysen, er at det ikkje finst tekniske innretningar som fullt ut kan utnytte eksergien i kjemiske og fissile brensel. Den beste teknologien gjev 35-55 % utnytting; mot 90% for vassfallenergi. Vi kunne ha innført ein

"praktisk eksergi" for brensel, basert på beste teknologi. Då ville eksergien i naturgass verte omlag 0,60 gongar nedre brennverdi (ikkje 1,04 gongar), for olje 0,50, for kol og ved 0,40, og for fissil varme 0,35. Desse tala er omtrentlege, og dei vil auke med tida etter som utstyr vert forbetra. Ein slik reknemåte ville gje ein utnyttingsgrad for Noreg som var noko større. Men for dei andre landa som er analyserte ville auken vere monaleg større, og Noreg ville kome svakt ut i samanlikning.

5.4 Oppsummering av uvisse og eventuelle feil

Ein kan seie at det er noko uvisse knytt til dei talverdiane vi har rekna med og kome fram til her. Men like fullt skal det store endringar til i datagrunnlag og føresetnader for delanalysane, før det vert monalege endringar i totalresultat og konklusjon. Det einaste som vil gjere større endring i resultatet er korleis ein ser på energisystemet; om det er eit isolert norsk system, eller om det er ein del av det europeiske energisystemet.

6 Samanlikning med andre land

Det er gjort tilsvarende analysar for fleire andre land. I avhandlinga si brukte Gøran Wall (1977) det svenske samfunnet 1975 og 1920 som døme på korleis teorien kunne nyttast. Seinare er det gjort analysar for mellom anna Japan 1985 (Wall, 1990), Italia 1990 (Wall, Sciubba & Naso, 1994), Sverige 1980 (Wall, 1986) og Sverige 1994 (Wall, 1994). Vidare er det gjort noko enklare analysar av Kanada 1986 (Rosen, 1992) og Brasil 1987 (Schaeffer & Wirtshafter, 1992).

Tabellane som følgjer viser ei samanstilling av nokre tal frå desse analysane, saman med vår analyse. Den første tabellen viser samla eksergi-inngang og –utgang rekna pr. innbyggjar.

Tabell 4 Samla eksergi-inngang og utgang rekna pr. innbyggjar (GJ/cap)

